



# VOLDA KOMMUNE

## Ordførar

Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Samferdselsdepartementet

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/860	6524/2018	N41	ORDF/ JORAMD	09.05.2018

### **INNSPEL TIL HØYRING – NY KONKURRANSE OM REGIONALE RUTEFLYGINGAR I SØR-NORGE FRÅ 1.APRIL 2020.**

Volda formannskap har gitt ordførar fullmakt til å gi uttale i denne saka. Ørsta/Volda Lufthamn Hovden er den einaste kortbaneflyplassen i Møre og Romsdal. Kortbanenettet i Norge har ein særskilt oppgåve for å betene samfunnet i distrikta, det bidreg til god infrastruktur i heile landet gjennom eit tilgjengeleg, trygt og miljøvennleg transportsystem. Dette er ei samfunnsnytte som utløyser statlege midlar for å oppretthalde retten til allmenn kommunikasjon til hovudstad, internasjonale flyruter og regionsjukehus.

Hovden Lufthamn miste den statlege stønaden, FOT-rutene, på alle avgangar til/frå Oslo i 2016. Dei to rutene til Bergen er fortsatt i FOT-systemet.

Vedlagt rapport frå Møreforsking og Transportøkonomisk institutt omtalar denne overgangen spesielt i kapittel 12.2.1 - 12.2.2 og 12.3.

Konklusjonen etter kommersialiseringa ved Hovden er at det frå tidlegare samanliknbare utrekningsmodellar vart ein prisauke på 25-30% på full-flex billetter. Passasjeredgangen var på 18% og antall flybevegelsar fekk ein nedgang på 10%. Samstundes fekk Ålesund Lufthamn ein auke i sin trafikk. Denne auken var det ingen andre regionale lufthamner som fekk, og ein slår dermed fast at Hovden Lufthamn tapte konkurransen med Vigra grunna kommersialisering, prisauke og færre avgangar.

Ein auke fekk også den nærmaste kortbaneflyplassen Sandane i det tidsrommet Hovden sine Oslo-ruter vart kommersialisert.

Hovden lufthamn er svært avhengig av næringslivsreiser og næringslivet sin konkurransesituasjon er svært avhengig av Hovden. Lufthamna sin næringstrafikk utgjør 60% av totalen på ca 110.000 reisande pr. år. Stabiliteten i denne trafikken har vore svært god med bakgrunn i ein flyplass som ligg logistikkmessig svært sentralt på Søre Sunnmøre, har rask innsjekking og høg frekvens på direkte avgangar til Oslo. Næringslivet på Søre Sunnmøre har høg innovasjonsgrad og er i stor omstilling i ein internasjonal marknad, Hovden Lufthamn spelar ei vesentleg rolle for at mange bedrifter i lufthamna sitt nedslagfelt kan vere konkurransedyktige.

Parallellt med at vi fekk ei kommersialiseringa og ein vesentleg billett-prisauke, inntraff også oljekrisa og på toppen ei seteavgift. Særleg det maritime næringslivet måtte kutte kostnader, og når ein veit at denne næringa statistisk sett reiser 6 gonger meir enn anna næring, ugjorde

denne prisstigninga betydelege ulemper med tanke på reiseutgifter og dermed vart både Vigra og Sandane eit rimelegare alternativ.

I førre høyring der Hovden misste sine FOT-ruter var det frå Samferdselsdepartementet, TØI og Møreforsking argumentert med at Oslorutene over Hovden ville kunne kommersialiserast og lett konkurrere med Vigra. Det ville bli lågare prisar og fleire operatørar. Begge deler har slått feil. Rapporten konkluderer (på side 10) med at ein vanskeleg ser føre seg at det her vil vere to konkurrerande aktørar ved Hovden, og at det er lite som tyder på at kommersialisering vil føre til auka konkurranse, og ein gir derfor inga anbefaling om fortsatt overgang til kommersialisering. Ein konkluderer derimot med at det vil vere ein vesentleg fare for negativ fordelings effekt for passasjerar og lokalsamfunn.

Vigra er i reisesamanheng ein heilt anna kategori flyplass og betener heilt andre oppgåver både nasjonalt og internasjonalt. Rapporten viser til at nedslagsfeltet til Hovden lufthamn har ein passasjer-lekasje til Vigra på om lag 50%. Kortbanenette har ei samfunnsoppgåve for distrikts-Norge og desse områda sin kommunikasjon til sentrale funksjonar.

Rapporten viser også til at kommersialiseringseffekta har liten eller ingen verknad på den samfunnsøkonomiske rekneskapen, og rapporten seier at ein ikkje vil anbefale vidare overgang til kommersialisering. Ein konkluderer med at FOT-ruter bør forankrast i regional- og samferdselpolitiske mål. Dagens billettprisar er konkurransehemmande for næringslivet.

**Med bakgrunn i erfaringstal/historikk frå Hovden sitt nedslagsfelt og vedlagt rapport frå Møreforsking og TØI vil vi foreslå følgande endring for Hovden Lufthamn:**

**FOT-ruter tilbake for Oslo-rutene.**

**Utvida FOT-ruta til Bergen med ei ekstra direkte rute tur/retur. (Tilpassa næringslivet). Oppretting av ei dagleg FOT-rute Hovden –Trondhjem frå Hovden 07.30 med retur 17.30. (For tilgang til regionsjukehus, utdanningsinstitusjonar, pasient- og pårørende reiser og offentleg etatar for region midt-Norge).**

Med helsing

Jørgen Amdam  
ordførar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*